

GILDESKÅL KOMMUNE

8140 INNDYR

PROSJEKTLEIAR HEIDI MELAND

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

POSTBOKS 8112 DEP

0032 OSLO

ATT: JUDITH KORTGÅRD

TILSEGNINGSNUMMER 10204015

BOLYST 2010, GILDESKÅL KOMMUNE

RAPPORT PR. DESEMBER 2012

Vi viser til tilsegn 10204015 til Gildeskål kommune på 500 000 kr, basert på søknader frå Inndyr og omegn lokalutval og Sandhornøy Lokalutval.

Av ulike grunnar blei prosjektet ikkje gjennomført i 2010 og 2011 (jubileumsåret for Elias Blix) som planlagt, men kommunen har fått høve til å disponere midlane i 2012 og 2013 etter avtale med KR.D.

Prosjektet kom i gang i juni 2012, jfr vedlagde prosjektplan og milepælplan.

Følgjande mål er avtalt for prosjektet:

Effekt mål:

Prosjektet skal bidra til å skape entusiasme og engasjement for lokale ressursar, og gjere innbyggjarane stolte av kommunen. Både natur, kultur, næringsliv og samfunnsliv vil bli profilert, og mange innbyggjarar vil bli engasjert i visuell og tekstleg presentasjon av Gildeskål.

Resultat mål:

1. Utदानe lokale skribentar/journalistar slik at dei kan presentere kommunen og det som skjer i kommunen i ulike media.
2. Samle inn 500 bildar til fotobank for Gildeskål som er tilgjengeleg for all ikkje-kommersiell bruk
3. Etablere lokal bygdeavis for papir- og nettpublisering, som kan erstatte "Gildeskålinfoen" og styrke lokal informasjon og debatt. Gje ut åtte nummer.

Alle tre prosjekta er i gang og delvis gjennomført.

Skrivekurs er gjennomført for 17 personar over to kveldar. På skrivekurset var tekst og bildar til avispublisering hovudtema, og det blei avtalt å bruke kurset til å trene og få tilbakemelding på eigne tekstar, og bruke den nyvunne kompetanse til å produsere avis.

I staden for å tilby eit journalistkurs nummer to, var deltakarane og instruktøren samde om å bruke ressursane på oppfølging med evaluering og forbetring av avisa etter kvar runde med publisering. Det er gjennomført i november og desember.

Bygdeavisa « Å eg veit... Gildeskålavisa » er produsert og distribuert som planlagd, og to nummer er gitt ut. Avisa er eit spleiselag mellom prosjektet og alle som har lyst til å skrive og publisere bildar, jfr budsjettet. Redigeringsarbeid, korrektur, ombrekking, trykking og distribusjon er profesjonelt/halvprofesjonelt, mens bildar og tekst er sendt inn frå innbyggerane. Til gjengjeld får skribentane og fotografane vegleiiing og oppfølging gjennom profesjonell mentorstøtte. I dag er det ca 20 journalistar i sving, og nummer tre er straks i trykken. To nummer er vedlagd denne rapporten. Den viktigaste «løna» for jobben er hyggelege tilbakemeldingar frå innbyggerane i Gildeskål. Avisa starta med 16 sider i tabloidformat, som er utvida til 20 sider i nummer to.

Avisa er distribuert gratis til alle husstandar i kommunen, og til institusjonar og verksemdar. Alle kan annonsere gratis, ettersom vi ikkje har apparat for annonsesal. Bedrifter kan annonsere mot eit bidrag til avisdrifta, som nyttast til å utvide sidetalet i prosjektperioden. Prosjektet er finansiert fram til juni. I løpet av vinter og vår 2013 skal prosjektet gå gjennom premissane for vidareføring av avisa, inkludert framtidig finansiering, abonnementsssystem osv.

Fotodatabasen er under etablering. Det er gjort førebels avtale om publiseringsløysing, og den lokale fotoklubben er engasjert til å velje ut gode bildar frå amatørar. Prosjektet skal samle inn 500 bildar som skal vere tilgjengeleg til bruk for alle ikkje-kommersielle formål. Ved kommersiell bruk må det gjerast eigen avtale med fotograf. Om lag 700 bildar er vurdert, og ca. 100 er vald ut så langt. Vi har planlagd å publisere på www.foto.nordnorge.com.

Prosjektet disponerer 680' kr i tilskott og 480' i eigeninnsats.

Forbruk ved årsskiftet vil vere:

	Budsjett	Forbruk 2012	Tilskott
Skrivekurs	192 000	90 000	36000
Bildebank	440 000	30 000	30000
Bygdeavis	392 000	160 000	100000
Prosjektleiing	136 000	80 000	80000
Sum	1 160 000	360 000	246000

På denne bakgrunnen ber vi om å få overført 50 % av tilskottet frå KR D, eller så høg sum som de finn det aktuelt å betale ut.

I januar/februar vil det gå ut om lag 90' kr til betaling av bildar, og kvart nummer av avisa har ein kostnad på om lag 35' kr, inkludert mentorstøtte. Eigeninnsats er då ikkje rekna med.

Vi står til teneste med ytterlegare informasjon, dersom det er behov for det.

Inndyr 13.12.12



Heidi Meland

Prosjektleder

Vedlegg:

Å eg veit..., dei to første numra

Prosjektplan

Milepælplan

Prosjektplan

Generelt	
Prosjekttittel	Bolyst Gildeskål 201+
Startdato	25.06.2012
Oppdragsgjevar	Gildeskål kommune
Oppdragstakar	Kunnskapssenteret i Gildeskål
Skriven av	Heidi Meland
Dato	25.06.2012

Prosjektbeskrivelse	
Bakgrunn	<p>Sandhornøy lokalutval og Inndyr og omegn lokalutval fekk i 2010 støtte frå Bolyst, KR D til å arbeide med lokal profilering og styrking av det positive sjølvbildet til innbyggerane i kommunen. Det var ein føresetnad at bolystarbeidet skulle koordinerast med andre aktivitetar knytt til lokalt utviklingsarbeid, særleg i samband med Elias Blix-jubileet i 2011. Lokalutvala søkte opprinneleg om støtte til skrivekurs, bildebank, bildespel og kalender for 2011. Av ulike grunnar har det tatt tid å få i gang prosjektet, men kommunen og lokalutvala er no klar til å sette i gang. Finansieringa og aktivitetane er noko endra på grunn av tida som har gått, og kommunen sender derfor prosjektplanen over til KR D til godkjenning. Prioriterte aktivitetar i den prosjektplanen som blir presentert her er skrivekurs, bildebank og bygdeavis. Gildeskål kommune er prosjektansvarleg, og Kunnskapssenteret i Gildeskål er engasjert som prosjektleiar for prosjektet.</p>
Effektmål	<p>Prosjektet skal bidra til å skape entusiasme og engasjement for lokale ressursar, og gjere innbyggerane stolte av kommunen. Både natur, kultur, næringsliv og samfunnsliv vil bli profilert, og mange innbyggerar vil bli engasjert i visuell og tekstleg presentasjon av Gildeskål.</p>
Objektmål/resultatmål	<ol style="list-style-type: none"> 1. Utdanne lokale skribentar/journalistar slik at dei kan presentere kommunen og det som skjer i kommunen i ulike media. 2. Samle inn 500 bildar til fotobank for Gildeskål som er tilgjengeleg for all ikkje-kommersiell bruk 3. Etablere lokal bygdeavis for papir- og nettpublisering, som kan erstatte "Gildeskålinfoen" og styrke lokal informasjon og debatt. Gje ut åtte nummer.
Hovedtiltak	<ol style="list-style-type: none"> 0. Fullfinansiering og godkjenning av endra plan hos KR D 1. Lyse ut fotoprojektet og mobilisere fotografane 2. Etablere prosedyre for utvelging, kategorisering og innlegging av bildar 3. Gjere avtale om database for foto 4. Arrangere generelt skrivekurs 5. Arrangere journalistkurs 6. Etablere avisgruppe 7. Etablere mal/publiseringsløysing for bygdeavis 8. Gjere avtalar med bidragsytarar 9. Produsere og distribuere bygdeavis 10. Rapportere

Budsjett	
Skrivekurs 1	52 000
Skrivekurs 2	140 000
Bildebank	440 000
Bygdeavis	392 000
Prosjektleiing	136 000
Sum	1 160 000

Finansiering	
Bolyst	500 000
SNU	20 000
Gildeskål kommune	100 000
Lokalutvala	60 000
Eigeninnsats bilder	200 000
Eigeninnsats kurs/skriving	120 000
Eigeninnsats avis	160 000
Sum	1 160 000

Organisering	
Prosjektansvarleg, PA	Leif Karl Gunnarsen
Prosjektleiur, PL	Heidi Meland
Prosjektgruppe, PG	Leif Karl Gunnarsen Heidi Meland Trygve Førde repr. Fra Gildeskål fotoklubb

Rapportering	
Milepælplan	PL rapporterer til PA annakvar månad, første gong 01.09.12
Avviksrapport	PL rapporterer ved milepælsplan
Sluttrapport	PL rapporterer til PA pr 01.07.13
Sluttevaluering	Gildeskål kommune, innan desember 2013

Underskrifter	
Prosjektansvarleg	
Prosjektleiur	

Milepælplan

Prosjektnavn	Bolyst Gildeskål 2010	Dato	25.06.12
Prosjektleder	Heidi Meland		

Start	Slutt	Nr	Milepæler	Ansvar	Rapportering	
					Dato	Tekst
25.06.12	01.08.12	0	Fullfinansiering og godkjenning av endra plan hos KRD	PA, PL		Ok
26.06.12	31.08.12	1.	Utlyse fotoprojektet og mobilisere fotografane	PL	28.06.12	Møte med fotoklubben 26.06.
	31.08.12	2.	Etablere prosedyre for utvelgning, kategorisering og innlegging av bildar	PL	19.09.12	Avtale med fotoklubben og
	30.06.12	3.	Gjere avtale om database for foto	PL		Muntlig avtale på plass
	31.10.12	4.	Arrangere generelt skrivekurs	PL	27.09.12	Kurs 21. og 27. september
	31.12.12	5.	Arrangere journalistkurs	PL	kont.	Oppfølging med mentor etter kvart nummer
	30.09.12	6.	Etablere avisgruppe	PL	28.09.12	Storredaksjon på plass (alle journalistar). Gruppe med repr. frå lokalutval, kommune og kyrkja
	30.09.12	7.	Etablere mal/publiseringssløysing for bygdeavis	PL	24.10.12	Klar først ved trykking av første nummer
	31.10.12	8.	Gjere avtale med bidragsytarar	PL	27.09.12	Deltakarar på skrivekurs er journalistar for første nummer
01.10.12	31.10.12	9.	Produsere og distribuere avis nr 1	PL	01.11.12	Første nummer i postkassa!
	01.07.13	10.	Rapportere	PL		